

ÅRSPLAN ORRE SFO 2026-2027



Velkommen til skulefritidsordninga på Orre skule (SFO)

Velkomen til Orre SFO

På Orre SFO er vi 4 tilsette: Mariann (SFO-leiar), Tonje, May og Stine. Orre SFO har lokale i hovudbygget til barneskulen, same rom som 1. trinn bruker på skulen.

Orre SFO vil liggje på ca. 60 barn skuleåret 2026-2027.

Kommunale retningslinjer for føresatte med barn i SFO

- Vi ønskjer at alle barn har faste tider kvar dag/kvar veke og at det er minst mogleg endringar/beskjedar. Dette gjeld ikkje føresatte som arbeider turnus, dei har vi egne avtalar med.
- Alle barn som skal gå heim sjølv, blir sende heim heile eller halve timar.
- For barn som blir henta, ver vennleg og ikkje ring frå parkeringsplassen for å be om at barnet skal sendast ut.
- Alle påmeldingsfristar til skulen sine feriar må overhaldast. Det blir laga bemanningsplan ut frå påmelding, og det vil derfor ikkje vere mogleg å melde seg på i etterkant.
- SFO kan ikkje organisere og følgje opp avtalar om kven som går heim med kven. Alle avtalar må gjerast heime av føresatte.
- Tilsette på SFO må halde seg til avtalar som ligg i Visma og ikkje til det barnet seier. Dersom føresatte har gløymt å leggje inn endringar, må dei ringje SFO for å gi beskjed.
- Alle beskjedar på Visma må leggjast inn før kl. 10 same dag. Vi kan ikkje garantere at beskjedar som kjem seinare blir leste i tide.
- Det er føresatte sitt ansvar å følgje opp klede og utstyr barnet har på SFO. SFO kan ikkje følgje opp beskjedar om å sende heim ulike klede. Føresatte må sjølv kome på skulen for å gjere dette.
- Dersom barna ikkje er henta innan stengetid, fakturerer SFO kr 200,- per påbegynt halvtime.

Forskrift om skolefritidsordninga i Klepp kommune.

Heimel: Fastsett av kommunestyret 16.12.2024 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa (opplæringslova) § 4-5 femte ledd.

§ 1. Eigarforhold

Klepp kommune eig og driv skolefritidsordningane i kommunen.

Hovudutval for barn og unge er ansvarleg styringsorgan for skolefritidsordningane i kommunen. Samarbeidsutvalet er styringsorgan ved skulane. Samarbeidsutvalet kan ikkje gå utover retningslinjene som hovudutvalet for barn og unge har vedteke.

Skolefritidsordningane skal drivast i samsvar med krava i opplæringslova § 4-5 og kapittel 12.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld skolefritidsordningane i Klepp kommune.

§ 3. Føremål

Kommunen skal ha tilbod om skolefritidsordning før og etter skoletid for elevar på 1.-4. trinn og for elevar med særlege behov på 1.-7. trinn.

Skolefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar. Aktivitetane skal vere tilpassa alder, funksjonsevne og interessene til barna. I skolefritidsordninga skal barna få omsorg og bli passa godt på, og barn med nedsett funksjonsevne skal få gode utviklingsvilkår (Opplæringslova § 4-5).

Nasjonal rammeplan for SFO har status som forskrift til opplæringslova og gir felles nasjonale føringar for innhaldet i SFO.

§ 4. Opptak

Søknadsfrist for SFO er 1. mars. Søknad om plass skjer elektronisk.

Alle som søker innan fristen får plass. Søknader som kjem etter fristen blir behandla så raskt som mogleg.

Barn som får plass, har plassen til den blir sagt opp, eller til eleven går ut 4. trinn.

Skolefritidsordninga skal også gi tilbod til elevar med særskilte behov på 5.-7. trinn. Skriftleg søknad med grunngiving må sendast rektor innan 1. mars det fjerde skuleåret. Tilbodet er gratis, men matpengar må betalast. Opptaksstyresmakt er rektor i samråd med SFO-leiar.

Retten til skyss til og frå SFO gjeld ikkje i skulen sine feriar, jf. opplæringslova § 4-1.

§ 5. Oppseiing og endring av opphaldstid

Skolefritidsordninga har ein månads oppseiingstid. Det gjeld også for endringar i opphaldstida. Oppseiing må vere skriftleg og gjelde frå den 1. kvar måned. 1. mai er fristen for å gi melding om at ein ikkje skal ha SFO-plass neste skuleår. Ved oppseiing etter 1. mai, må det betalast ut august måned.

§ 6. Foreldrebetaling

Betalingsattsane blir fastsette gjennom politisk vedtak. Prisane blir regulerte ein gong i året.

Tilbodet gjeld for 11 månader og betalinga skjer for heile august og heile juni, sjølv om barnet startar seinare i august eller sluttar tidlegare i juni.

Ein kan velje mellom opphald 2, 3, 4 eller 5 dagar i veka. Det blir betalt for heile dagar, uavhengig av opphaldstid.

Matpengar kjem i tillegg.

Betalingsfrist er den 15. kvar måned. Det skal betalast om barnet har fråvær. Uregelmessig betaling fører til at barnet mister plassen.

Ved for sein henting, vil det bli fakturert for 200,- kroner per påbegynt halvtime.

Nasjonal ordning for redusert foreldrebetaling:

1. 12 timar gratis SFO for elevar på 1., 2. og 3. trinn. I Klepp vil dette seie 3 dagar med gratis SFO i veka.
2. Redusert foreldrebetaling på grunn av låg inntekt: Kommunen skal etter søknad redusere foreldrebetalinga for skolefritidsordninga på 1. til 4. trinn, slik at den per elev utgjør maksimalt seks prosent av inntektene til husstanden, dersom eitt av desse vilkåra er oppfylt:
 - a) Foreldrebetalinga per elev for eitt skuleår utgjør meir enn seks prosent av inntektene til husstanden det siste året.
 - b) Ein varig nedgang i inntektene til husstanden innevarande år gjer at foreldrebetalinga per elev for eitt skuleår utgjør meir enn seks prosent av inntektene til husstanden.

Ein må søkje på nytt for kvart skuleår. Betaling for mat kjem i tillegg. Meir informasjon og søknadsskjema finn du på kommunen si heimeside.

§ 7. Leike- og opphaldsareal

Skolefritidsordninga bør ha eigna lokale til sitt føremål. Inventar og utstyr må vere tilpassa barna sine behov for leik og aktivitet.

Areala til skolefritidsordninga må sjåast i samanheng med andre rom på skulen, samt skulen sitt uteområde og moglegheitene i nærmiljøet for leik og friluftsliv.

Skolefritidsordninga er også omfatta av forskrift om helse og miljø i skular, barnehagar og skolefritidsordninga.

§ 8. Opningstid

SFO-året er frå første virkedag i august og ut juni månad.

Opningstida er frå kl. 07.00 til kl. 16.30.

SFO har stengt i juli månad, julaftan, nyttårsaftan og onsdag i påskeveka. SFO har stengt 5 dagar i løpet av året på grunn av planleggingsdagar for personalet ved skulen.

Dersom SFO vel å starte året med ein planleggingsdag, må den bytast mot ein av dei andre planleggingsdagane til skulen. Endringar frå skuleruta må gjerast i samband med skulen sine rådsorgan og involverte barnehagar.

I skulen sine feriar må det vere minst 6 barn som har behov for tilbod, for at SFO skal halde ope. Om det er mindre enn 6 barn som har behov for tilbod, vil dette bli gitt ved ein annan SFO i kommunen.

Barn som skal slutte i barnehagen og starte i SFO, startar i SFO første virkedag i august eller ved skulestart.

§ 9. Personale og leing

Rektor har det overordna pedagogiske, økonomiske og administrative ansvaret. Rektor kan delegere oppgåver til leiar for skolefritidsordninga. Leiar for skolefritidsordninga har det daglege ansvaret.

Kompetansekrav til SFO-leiar skal ved ny tilsetjing vere minimum treårig høgskuleutdanning.

Grunnbemanninga skal i hovudregelen vere 10-14 barn per vaksen. Bemanninga bør styrkjast dersom elevar med særskilte behov har plass i skolefritidsordninga.

§ 10. Forsikring

Barn i SFO er kollektivt ulykkesforsikra.

§ 11. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft frå 01.01.2025. Frå same tid blir SFO-vedtekter frå 01.02.2022 oppheva.

Ny rammeplan for SFO vart utgitt i 2021-22

Denne rammeplanen gjeld for arbeidet i skolefritidsordninga (SFO). SFO skal leggje til rette for lek, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna, og gi barna omsorg og tilsyn.

Rammeplan for SFO består av seks kapittel:

1. Om rammeplan for skolefritidsordninga.
2. Skolefritidsordninga sitt verdigrunnlag.
3. Innhaldet i skolefritidsordninga.
4. Ei inkluderande skolefritidsordning.
5. Samarbeid i skolefritidsordninga.
6. Kvalitetsutvikling.

1. Kva er rammeplan for SFO?

Rammeplanen for SFO er forpliktande, og skal sørge for at alle barn får eit godt SFO-tilbod, uansett kvar dei bur. Kvar dag går nesten 150 000 barn i SFO. Målet med rammeplanen er å bidra til ei likeverdig SFO av god kvalitet over heile landet.



2. Slik gjer vi på Orre SFO: Tryggleik, omsorg og trivsel

På Orre SFO skal barnet ditt vere ein del av fellesskapet. Det skal lære og forstå av andre barn og tilsette. Barn lærer mye av trygge voksne, og voksne lærer av barn.

Barnet ditt skal få vidareutvikle si sjølvtilitt, det gjeld både i motgang og medgang og hjelper oss til å bli gode medmenneske. Barnet ditt skal oppleve stoltheit og tryggleik til å meistre og feile. Barnet ditt skal bli kjent med andre barn, på ein måte der alle er verdsette. Barnet ditt

skal få rammene som skal til for å nå måla sine, for å oppleve meistring og tørre å strekkje seg litt lenger.

Vi på Orre SFO inkluderer alle barn; vi skal gå bort når vi ser eit barn sit alene. Det er lov å leike åleine, men barnet må føle seg trygt og at dei voksne ser barnet. Vi voksne skal sjå alle barna og vil at barna føler seg sette og ønskte på Orre SFO.

Mangfald og inkludering: Barnet ditt har med seg sine talent og utfordringar. Læring skal fortrinnsvis skje gjennom leik. Vi på Orre SFO lærer at det er plass og at alle har med seg sin «glupskap».

Skaparglede, engasjement og utforskartrong:

Barn og unge er nysgjerrige og ønskjer å oppdage og skape. Barna på Orre SFO skal få rike moglegheiter til å utvikle engasjement og utforskartrong. Vår SFO skal bidra til den gode barndommen ved å gi barna moglegheit for leik som kjelde til trivsel. Leik er ei grunnleggjande livs- og læringsform. Kunst og kultur omfattar mange fagområde, og har betydning for den enkelte si personlege utvikling. Kulturelle opplevingar har ein eigenverdi, og barna skal få oppleve eit variert spekter av kulturuttrykk gjennom si tid på Orre SFO. Å vere saman om kulturelle opplevingar og å gjere noko eller skape noko felles, bidrar til samhøyrighet. Barn skaper sin eigen kultur ut frå eigne opplevingar og i samvær med andre barn. Vi sørgjer for å ha tilgang til bøker, musikk, materiale og verktøy for kreativ utfolding.

Demokrati og fellesskap

Orre SFO skal vere ein stad der barna opplever demokrati i praksis, ein stad hvor dei blir lytta til, opplever at dei har reell innverknad og kan påverke det som går ut over dei. Arbeidet med demokrati og medborgarskap inneber også at barna får øve seg på å respektere ueinigheit og løyse konflikter på ein fredeleg måte. Barna skal oppleve at det er rom for og respekt for at menneske er forskjellige, og at SFO representerer ei motvekt mot fordommar og diskriminering. Orre skule/SFO er ein PALS-skule.

PALS står for:

POSITIV ÅTFERD – STØTTANDE LÆRINGSMILJØ OG SAMHANDLING

Gode relasjonar fremjar godt læringsmiljø

Gode beskjedar fremjar samarbeid


Oppmuntring, anerkjenning og positiv inkludering

Møte elevar som viser utfordrande åtferd

Vis respekt – vis ansvar – vis omsorg

Berekraftig utvikling

Berekraftig utvikling handlar om å verne om livet på jorda og ta vare på behova til menneske som lever i dag, utan å øydeleggje framtidige generasjonar sine moglegheiter. På Orre SFO kan vi bidra til at barn kan forstå litt meir av samanhengen mellom sosiale, økonomiske og miljømessige forhold. Orre SFO kan bidra til at barna kan forstå at dagens handlingar har konsekvensar for framtida, lokalt og globalt. På Orre SFO skal vi støtte barna i å utvikle naturglede og i å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen.



3. Fokusområda på Orre SFO

Leik

SFO er ein viktig arena for sosiale ferdigheiter, her på Orre SFO er det mykje frileik. Barna møter andre klassetrinn og må halde seg til både eldre og yngre barn. Vi voksne skal sjå kvart enkelt barn. Vi voksne skal også vere klare og tydelege og hjelpe barna med å setje grenser, vise omsorg og sjølvstende. Vi skal lære barna å ta ansvar for seg sjølv og andre.

Kultur

Barna skal oppleve glede og meistring ved å delta i ulike kunst- og kulturaktiviteter. Vi på Orre SFO har ulike formingsaktivitetar kvar veke, ofte er aktivitetane knytte til årstider og høgtider. Vi på Orre SFO har alltid bøker tilgjengelege og vi høyrer på lydbøker når vi et.

Fysisk aktivitet og rørsleglede

Vi på Orre SFO fokuserer på friluftsliv og fysisk aktivitet, her vil barna få kjennskap til aktivitetar som er naturlege å halde på med i nærmiljøet rundt skulen. Vi vil bruke friidrettsbanen, sketebanen og Orrehallen som ligg ved skulen. Vi vil også fokusere på leik i form av både frileik og organisert leik. Vi legg til rette for leik for alle, både inne og ute. Vi tar barna med på tur i nærområdet og vi har eit stort uteområde og ballbinge som barna kan bruke.

Mat og måltidsglede

Måltida på Orre SFO skal innebere eit sunt kosthald og vere med på å utvikle ei god helse og sunn livsstil. Måltidet skal vere ein arena for å oppleve god sosial læring i samspel med andre. Barna skal lære om helse, kosthald og hygiene.

Barna får gjennom tida i SFO moglegheita til å vere med på å tilberede mat og få kunnskap om maten vi serverer på SFO. På Orre SFO har vi opprop/sjekk av listene før mat. Barna får mat kvar dag.

Vi fokuserer på sunn og vanleg brødmatt som leverpostei, ost, pålegg, fiskekaker (ein gong i veka) og på fredagar har vi varm mat som osteskive, pasta eller suppe. For å få eit fint og roleg måltid bruker vi lydbøker eller lesar.

Barna må ete frukost heime (tar barnet med frukost så har barnet sjølv ansvar for å ete den). På ferie-SFO har vi 2 måltid, dette er kl. 10.30 og eit mellommåltid/frukt og liknande kl. 14.00.

4. Ei inkluderande skolefritidsordning

Vi på Orre SFO skal vere ein inkluderande arena der barn kan knyte venskap, trivast, utvikle seg og lære. Kommunen skal ha eit tilbod om skolefritidsordning for barn med særskilte behov, og tilbodet skal vere gratis for elevar med særskilte behov på 5.–7. trinn. Orre SFO kan vere ein viktig arena for inkludering, meistring og tilhøyrsløse for barn med særskilte behov.

Livsmeistring dreier seg om å kunne forstå og å kunne påverke faktorar som har betydning for meistring av eige liv. Orre SFO kan bidra til at barna utviklar eit positivt sjølvbilete og ein trygg identitet. Temaet skal bidra til at barna lærer å handtere medgang og motgang, og personlege og praktiske utfordringar på ein best mogleg måte.



5. Samarbeid i skolefritidsordninga

Personalet på Orre SFO har møte 1 time ein gong per veke, og leiaren deltar på SFO-leiarmøte 6 gonger i året; dette er for alle SFO-leiarane i Klepp kommune. SFO-leiar har jamlege møte/samtalar med rektor og lærarar i 1.-4. trinn.

Eit godt samarbeid mellom foreldre og personale er avgjerande for at barna skal trivast.

- Dei tilsette tar barna på alvor – viser interesse, forståing og omsorg.
- Dei tilsette har fokus på at alle barn skal oppleve meistring.
- Dei tilsette gir det enkelte barnet konstruktive tilbakemeldingar.
- Dei tilsette legg til rette for leik som inkluderer alle.
- Variert aktivitetstilbod.

- Snakkar med barn på ein positiv måte.
- Barna må bli høyrde og deira meining blir lagt vekt på.
- Dei tilsette er positive til innspel og tilbakemeldingar frå foreldre.
- Gir tilbakemeldingar om det enkelte barnet.
- Dei tilsette held taushetsplikta.

Forventningar til foreldre:

- Foreldre må bidra til eit positivt miljø og i måten ein omtalar SFO på.
- Foreldre har ei positiv haldning til dei andre barna på SFO.
- Foreldra kan gi beskjed om forhold som kan betre barnet si trivsel på SFO, personalet kan då gi barnet litt ekstra omsorg.
- Foreldre gir tilbakemelding, slik at kvaliteten på SFO-tilbodet kan bli enda betre.
- Foreldre gir tilbakemelding om fråvær, sjukdom, endring i hentetid og liknande.
- Foreldre følgjer med på informasjon frå SFO via Visma og på skulen si heimeside.
- Foreldre gir beskjed innan oppsett frist for kva behov ein har i skulen sine feriar/fridagar, dette for at SFO-leiar kan planleggje god bruk av personalet.
- Foreldre bør setje av tid til ein liten samtale når barnet blir henta.



Plan for overgang mellom barnehage – SFO/skole



Overgang frå barnehage til skule og SFO

Vi på Orre SFO vil bidra til å skape ein god og trygg overgang frå barnehage til skule og SFO saman med skulen og barnehagen, VIP-kveld for nye 1.-klassingar i juni.

På Orre SFO skal alle barn ha rett til eit trygt og godt miljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. opplæringslova § 12.

Planleggingsdagar på SFO

Måndag 4. august

Måndag 17. august

Fredag 13. november

Måndag 4. januar

Fredag 7. mai

Årshjul for Orre SFO

Januar

- Hobby aktiviteter /vinter
- Orrehallen/skaperverksted

Februar

- Ake- og snøaktiviteter
- Karneval
- Fysisk aktivitet
- Samisk nasjonaldag

Mars

- Fysisk aktivitet og uteaktiviteter
- Musikk og dans
- Skaparverkstad

April

- Fysisk aktivitet
- Påskeverkstad
- 3. kl. og 4. kl. – ekstra kos
- SFO-dagen

Mai

- 17. mai-aktiviteter
- Natur og miljø. Dugnad på uteområdet for barna
- Fysisk aktivitet, tur i nærmiljøet og bruke idrettsbanen (friidrett)
-

Juni

- Rydde og vaske før ferien
- Uteleik/vassleik
- Fysisk aktivitet, bruke friidrettsbanen, Orre rullepark og grasbanen

Juli

SFO STENGT

August

- Treffe kvarandre igjen etter ferien. Bli kjent med nye barn og voksne.
- Trene på daglege rutinar og reglar for SFO.
- Vere mykje ute og bli kjent med skulen sitt område.

September

- Trene på daglege rutinar og reglar for SFO
- Fysisk aktivitet
- Natur og miljø. Gjere oss kjende med nærmiljøet og kva vi har rundt oss
- Hobby: haust
- skaparvarkstad

Oktober

- Fysisk aktivitet
- Halloween
- FN-dagen (24. oktober)
- Natur og miljø
- Hobby: haust

November

- Bake julekaker
- Fysisk aktivitet
- Juleaktivitetar

Desember

- Julemat
- Juleverkstad
- Leik etter vêr og forhold

Dagsplan SFO

Innkryssing SFO via Visma:

kl. 12.40 (tysdag, torsdag og fredag)

kl. 13.50 (måndag og onsdag)

kl. 12.35-13.30 – frileik, sjå månadsplan

kl. 13.30-14.00 – mat

kl. 14.00-15.00 – uteaktivitet, sjå månadsplan

kl. 15.00-15.30 – frileik inne

kl. 15.30 – rydding av SFO

kl. 15.30-16.30 – rolige aktivitetar

Morgon-SFO

kl. 07.00-08.00 – frileik

kl. 08.05 – går ut

Mat

Vi vil ha 4 dagar med brødmatt og 1 dag med varm mat. Måndag til torsdag har vi havregrøt, fiskekaker, osteskiver, vanleg pålegg, laks osv. Fredagar har vi varm mat som suppe, graut, pizzasnurr, fiskekaker, fiskepinnar, grov pasta med kylling/skinke osv.

Kontaktperson Orre SFO er: Mariann Østerhus

SFO-mobil: 46 82 44 04 og privat mobil: 95 07 65 75

Orre.sfo@klepp.kommune.no og Orre skule si heimeside: www.minskole.no/orre